

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Møte i Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Stad: Sota Sæter, Skjåk

Dato: 18.-19. september, 2020

Påmelding:

| Kommune | Medlemmar | Møtt | Varamedlemmar | Møtt |
|----------|------------------------|------|-------------------|------|
| Dovre | Frode Faksvåg | x | Inger Marie Aalbu | |
| Lesja | Liv Enstad | x | Einar Utgard | |
| Lom | Jon Sjurgard | x | Sigrun Garmo | |
| Luster | Eli Merete Hansen Moen | x | Arne Hauge | |
| Fjord | John Helge Larsen | x | Monika Tettli | |
| Rauma | Ingunn Svelle Heinåli | x | Arne Hoem | |
| Skjåk | Randi Rust | x | Thorstein Åmodt | |
| Stranda | Steinar Aanning | | Torill Ansnes | |
| Stryn | Johan Berge | x | Karoline Hatledal | |
| Vågå | Pål Grev | x | Karola Wenzel | |
| Sekretær | Tor Taraldsrud | x | | |

Program:

Fredag 18. september

- 17:00 Oppmøte Sota Sæter
17:00 – 17:30 Rundstykker / kaffe / te
17:30 – 20:00 Møte i nemnda (møterom for minst 12 pers)
Informasjon om forvaltning av Breheimen nasjonalpark v/nasjonalparkforvaltar
Stein Magne Grevrusten
Lysbilette frå Breheimen v/SNO i Breheimen – Øyvind Angard
20:00 Middag

Laurdag 19. september

- 08:00 – 09:00 Frukost på Sota Sæter
09:00 – 10:30 Møte i nemnda. Planlegging av synfaring. Sjå på funksjonsområder for villrein, villreinrelaterte kulturminner, vandringshindre for villrein, menneskeleg ferdsel på kart før vi dreg ut.
10:30 – 15:00 Synfaring i området Sota – Mysubytta – Bråtåasen m/innlagt lunch ute. Vi smør med oss niste frå Sota. Tar med bålkjele til kaffe.
15:00 Avslutning

Innhald

33. Godkjenning og innkalling av sakliste 2
34. Drøfting / informasjon: Forvaltning av Breheimen nasjonalpark 2
35. Gjennomføring av villreinjakta 2020 (20. aug – 14. sept) 2
36. Villreintrådet - fagdag den 21.-22. oktober, Bykle 3
37. Villrein i Breheimen 4
38. Neste møte i nemnda 5
39. Eventuelt 5

Sakliste:

33. Godkjenning og innkalling av sakliste

Innstilling: Ingen merknader til innkalling og sakliste

Vedtak: Ingen merknader til innkalling og sakliste

34. Drøfting / informasjon: Forvaltning av Breheimen nasjonalpark

Nasjonalparkforvaltar Stein Magne Grevrusten gir informasjon om forvaltning og SNO v/ Øyvind Angard syner bilete frå Breheimen Nasjonalpark.

Aktuelle tema blir regelverk rundt aktivitetar som kan påverke villrein, t.d: menneskeleg ferdsel, motorferdsel, sykling, hytter og buer. Link til [verneforskrift for Breheimen](#). Breheimen nasjonalpark er satt saman av åtte verneområde, alle med kvar si verneforskrift. Det er i tillegg utarbeida ei forvaltningsplan for Breheimen der det er utdjupa konkrete retningslinjer for forvaltning og bruk knytt til dei einskilte reglane i verneforskriftene.

Innstilling: Informasjon er teke til orientering.

Vedtak: Informasjon er teke til orientering.

35. Gjennomføring av villreinjakta 2020 (20. aug – 14. sept)

Villreinutvalet gjennomfører evalueringsmøte etter villreinjakta torsdag 17. sept. Sekretær i nemnda deltek på dette møtet. Meir informasjon kjem i vårt møte, men nokre stikkord frå oppsynsleiar:

- Stort sett fin jakt?
- Fellingsprosent mellom 50 og 60? 375-400 dyr av 750 ble felt?
- 46000 opningar av info-side på nettet i jaktperioden.
- Vart området dekket godt nok av oppsyn? Lesja og Finndalen «underdekket»?
- Asbjørnsdalområdet opent neste år, trenger eit oppsyn her?
- 2 og 2 oppsyn samarbeidet i mange tilfelle!
- Helgejegerar, med kort aksjonsradius.
- Jeger med «feil kort» som avliver skadde dyr?
- Fredingskorridor i Lundadalen virket også i år!
- Fram til 8. sept hadde 70-80 bukkar kryssa Lundadalen.
- En god del brunstbukkar i flokkane siste veka i jakta?
- Stengde hytter i Skjåk. Fint for oppsynet, negativt for fellingsprosenten?
- Tendens til litt lang skyteavstand? Mange bomskytingar, skot i hovud?
- Lagjakt? Overføring av jaktkort (ein jeger opplyste å ha felt 5 dyr, før han evt brukte sitt kalvekort). Betre opplegg?
- Tilsynsjeger, rolle og oppgåver. Fleire tilfelle med «sviktande» opplegg her.
- Ungdom 20 år og yngre kunne jakte over «heile» Reinheimen, men ikkje lagjakt-kort?
- Synlige jegerar – og synlige oppsyn? Preventivt å vise at det er oppsyn i området.
- CWD-prøvetaking OK? («Hardangervidda-tilfellet» syner at det er viktig å ta prøver)
- Normale mengder sopp, normale Bq-verdiar i reinskjøttet? (Prøver teke i Reinheimen)
- Få dyr med fotråte i Reinheimen i år. Ingen i Breheimen i år heller!
- Områdebruk: Føysfjellet, områda nord for Lordalen, Asbjørnsdalområdet.

Innstilling: Informasjon er teke til orientering.

Vedtak: Informasjon er teke til orientering.

36. Villreindrådet - fagdag den 21.-22. oktober, Bykle

Påmeldingsfrist 1. oktober.

Program:

<https://static1.squarespace.com/static/530364efe4b0c37a4004ec79/t/5f06f721bcae5e1803b7de1f/1594292003404/Program+fagdag+villrein+2020.pdf>

Kopi av vedtaket vi gjorde iht deltaking på fagdagen under vårt møte i april:

- Innstilling:** Sidan det blir avgrensa med møtekostnader fyrste del av året er det truleg økonomisk opning for at fleire av (alle) medlemmane i nemnda kan delta på fagdagen.
- Behandling:** Villreindrådet legg opp til fagdag i veke 43, rundt 20.-22. okt. Det kan vera aktuelt å køyre saman med folk frå andre villreinområder. Det er aktuelt å ha eit nemndsmøte i samband med fagdagen. Om nokre medlemmar ikkje har høve til å vera med på fagdagen kan dei evt vera med digitalt på nemndsmøtet. Oppstartsmøtet er for både medlem og vara, viktig at også varamedlemmane har høve til fagleg oppdatering.
- Vedtak:** Opne for at både medlem og varamedlem har høve til å delta på fagdagen om dei ynskjer det. Samrøystes.

Kopi av vedtaket vi gjorde iht deltaking på fagdagen under vårt møte i august:

- Vedtak:** Påmeldte: Pål Grev, Johan Berge, Liv Enstad, John Helge Larsen, Jon Sjugard, Frode Faksvåg, Tor Taraldsrud, Eli Hansen Moen, Arne Hoem
Transport: Buss (i annakvart sete)?

Innstilling: Leige buss med sjåfør frå Jotunheimen Turbusser AS, tlf 90788629, epost jotunheimenturbusser@yahoo.no
Vi har ledig midibuss og vil gjerne ta denne turen. Vårt pristilbod på t/r Vågåmo - Bykle er NOK 16.860 + 6% mva. I tillegg bomavgifter NOK 994. Her er ikkje overnatting sjåfør medrekna, da vi håpar dykk forhandlar fram fritt kost/losji for sjåfør.

Plass til 12-13 pers med koronarestriksjonar (20-seter). Fagdagen startar kl 12. Overnatting etter 2/3 veg nedover og køyre rett heimatt. Start frå Vågå på ettermiddagen tysdag 20. okt. Heimkomst på kvelden torsdag 22. okt.

To alternative ruter:

- Vågå-Gjøvik-Hønefoss-Kongsberg-Bykle – 8:14 (google) (5:00 til Kongsberg, overnatting)
- Vågå-Valdresflye-Geilo-Dagali-Rjukan-Bykle – 7:50 (google) (4:01 til Dagali, overnatting)

Vedtak: Leige buss med sjåfør frå Jotunheimen Turbusser AS
Reiserute via Geilo – Rjukan
Avreise ca kl 15 frå Vågåmo (Halland) tysdag 20. okt. Legg opp til om lag seks tinar køyring og ein time middag tysdag. Framme for overnatting kl 22.
Påmeldte: Randi Rust (køyrer sjølv, tidlegare), Pål Grev, Johan Berge, Liv Enstad, John Helge Larsen, Jon Sjugard, Frode Faksvåg, Eli Hansen Moen, Arne Hoem, Ingunn Svelle Heinåli, Tor Taraldsrud.
Plass til to stk frå villreinutvalet om dei ynskjer å delta.
Ynskjeleg med kjentmann / guiding siste del av turen.

37. Villrein i Breheimen

Målet for talet på dyr i vinterstammen er 700-800. Stammen består av to delstammer, aust og vest for Ostre – Liavatnet - Surtbodytdalen (moglegheit for utveksling mellom desse stammene). I aust har vinterstammen dei siste 10 åra vore på rundt 550 dyr. Stammen har i denne perioden vore litt større enn det ein ynskjer på lang sikt, for å få fleire dyr til å vandre sørvestover inn i Luster. Det er no ynskjeleg å kome ned att på om lag 450 dyr i vinterstammen. I vest har vinterstammen vore relativt stabil på omlag 250 dyr. Dei siste åra har det vore litt fleire dyr. Stammen har i liten grad nytta areala nord for Ottavassdraget (og Rv 15) i Skjåk, men har det siste året vore noko på nordsida av Ottaelva att. For både aust og veststammen er det vinterbeite som er den marginale faktoren for storeleiken på stamma. Sommarbeite er bra og det er mykje areal som ikkje blir brukt av villrein i dag.

Villreinrelaterte kulturminner og eldre registreringar syner at villrein har hatt ein tydeleg større arealbruk tidlegare. For at villrein skal overleve på lengre sikt er det viktig å ha store areal tilgjengeleg. Både med tanke på reserveareal iht beite og med tanke på genetisk utveksling med andre villreinstammer. Villreinen sitt normale vern mot det meste er å flytte på seg, enten det er for å rømme vekk frå menneske og rovdyr eller for å finne nye eller andre beiteområde. Da er det viktig at menneskeleg aktivitet og infrastruktur ikkje stenger for dei gamle trekkvegane.

Registrering av villreinrelaterte kulturminner og arealbruk i dag er viktig for å forstå villreinen sitt behov for areal. Forvaltning av fjellområda må vere tufta på denne kunnskapen. I 2011 gav Norsk Institutt for Naturforskning (NINA) ut ein rapport om kunnskapsstatus og leveområde for villreinen i Ottadalen – [NINA Rapport 643](#). Saman med denne rapporten vart det gjeve ut eit "[Arealbrukskart for Ottadalen villreinområde – 2011](#)". (Reinheimen-Breheimen hadde namnet Ottadalen tidlegare).

Vi kjem til å sjå ein del på kart i møtet der vi mellom anna skal sjå på funksjonsområder for villrein (kalvingsområder, beiteområder, trekkområde), villreinrelaterte kulturminner, vandringshindre for villrein og menneskeleg ferdsel.

Det blir delt ut kart under møtet.

Innstilling: Informasjon er teke til orientering.
Vedtak: Informasjon er teke til orientering.

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

5

38. Neste møte i nemnda

Vedtak: Truleg ikkje fleire møte før årsmøtet til neste år (siste helga i april). Evt, kan vi få til eit møte i samband med fagdagen i Bykle. Aktuelle stader for komande møte: Villreinsenter Nord på Hjerkin. Norsk fjellsenter i Lom.

39. Eventuelt

Vedtak: Sende innspel til Skjåk kommune og statens vegvesen med ynskje om å stenge rasteplassen ved Oppljostunnelen. Den ligg midt i eit viktig villreintrekk med moglegheit for utveksling mellom Reinheimen og Breheimen. Det er mange som overnattar ved denne rasteplassen. Lite gunstig at det er menneskeleg aktivitet døgnet rundt ved denne plassen.

Johan Berge
Leiar



Tor Taraldsrud
Sekretær